



Samnanger  
kommune

# Reglement og vilkår for bruk av Samnanger bibliotek





## **Innhald**

Avtale om lånekort .....	s. 1
Avtale om oppgradert lånekort til meirope bibliotek .....	s. 1
Generelle vilkår for lån .....	s. 1
Vilkår for oppgradert lånekort til meirope bibliotek .....	s. 2
Praktiske opplysningar .....	s. 4

### Vedlegg:

Kontrakt bruk av lokalt og nasjonalt lånekort

Kontrakt for bruk av meirope bibliotek



## Avtale om lånekort

Alle kan få **lokalt lånekort** og **nasjonalt lånekort**. Lokalt lånekort kan ein nytta i biblioteket og på skulane i Samnanger. Nasjonalt lånekort som kan nyttast på alle bibliotek i Noreg.

## Avtale om oppgradert lånekort til meirope bibliotek

Dersom du bur i Samnanger kommune og er fylt 15 år kan du få oppgradert lånekortet ditt slik at du får tilgang til meirope bibliotek. Med oppgradert lånekort kan du besøka biblioteket utanom betent opningstid.

## Generelle vilkår for lån

### Slik vert du lånar

- Ta med deg legitimasjon til biblioteket i betent opningstid og du vil få hjelp av personalet.
- Du må signera ei kontrakt med Samnanger bibliotek som skildrar vilkår for bruk.
- Alle kan få lånekort. Er du under 18 år må ein føresett signera kontrakten.
- For å få oppgradert lånekort til meirope må du vera fylt 15 år. Er du under 18 år må ein føresett signera kontrakten.

### Lånar sine plikter

- Ha med lånekortet når du skal i biblioteket.
- Handsame alt lånt materiell på beste måte.
- Levere tilbake lånt materiell innan fristen.
- Erstatte skadar på eller tap av materiale.
- Melde frå om du endrar mobilnummer, adresse eller namn.
- Ved lånekort med tilgang på meirope bibliotek må du låse deg inn med eige kort.
- Lånekorta er gratis, men dersom du mister kortet og må få nytt kostar det kr 20 for vaksne og kr 10 for barn under 15 år.

### Personvernerklæring

Biblioteket er oppteke av å verne personopplysingane dine. Difor handsamar me dei i samsvar med den gjeldande personopplysingslova. Me oppmodar deg til å lese grundig gjennom *Personvernerklæringa* som du finn på Samnanger bibliotek si heimeside. Personvernerklæringa skildrar kva for personopplysingar me registrerer når du vert lånar hjå oss, nyttar Mi side og vitjar denne nettsida (seinare omtalt samla som tenestene våre). Dersom du ikkje har digital tilgang kan me skriva ut Personvernerklæringa til deg.

### Rettane dine

Du har rett til å veta kva personopplysingar Samnanger bibliotek har registrert om deg, korleis opplysningane vert handsama og kven som har tilgong til opplysningane. Dette gjelder deg som har lokalt lånekort, nasjonalt lånekort og oppgradert lånekort for meirope bibliotek. I *Lov om behandling av personopplysningar (personopplysningsloven)* finn du dine rettar til innsyn i opplysningane.



Særskild relevant i personopplysningslova er *Europaparlaments- og rådsforordning, kapittel III Den registrertes rettigheter*. For å inngå ein avtale om lånekort er det nokre opplysningar me treng om deg som brukar. Ved å inngå ein kontrakt med Samnanger bibliotek om lånekort, godkjenner du samstundes at me lagrar desse opplysningane om deg.

#### **Registrerte opplysningar ved lokalt lånekort**

Fornamn og etternamn, fødselsdato, postadresse, kjønnsidentitet, mobiltelefonnummer. Du kan velje om du ønskjer melding frå biblioteket på SMS eller på epost. Dersom du ønskjer melding på epost treng me epostadressa di. Dersom lånekorthavar er under 18 år treng me signatur og mobiltelefonnummer til ein føresett.

#### **Registrerte opplysningar ved nasjonalt lånekort**

I tillegg til opplysningane for lokalt lånekort treng me òg personnummeret ditt.

#### **Registrerte opplysningar ved tilgang til meirope bibliotek**

Same opplysningar som gjelder for lokalt lånekort. I tillegg vert du registrert fysisk ved kameraovervaking (sjå *Vilkår for oppgradert lånekort til meirope bibliotek*).

## Vilkår for oppgradert lånekort til meirope bibliotek

### **Du må forplikta deg til å overhalda nokre enkle reglar for å få lov til å nytta meirope tilbudet:**

- Vis omsyn til andre, hald orden og ta vare på biblioteket ditt.
- Til ein kvar tid overhalda det gjeldande reglementet og vilkår for bruk av Samnanger bibliotek. Reglementet finn du på Samnanger bibliotek si heimeside og som oppslag i lokala.
- Gjer deg kjent med nødutgangane i tilfelle evakuering.
- Kontrakten og bibliotekkortet er personleg. Du er ansvarleg for korleis det vert brukt. Du kan ikkje låne det ut til andre.
- Barn har ikkje adgang til å vera åleine i lokala i meirope tid, men føresette kan ta med barn inn dersom dei ikkje vert etterletne åleine.
- Det er ikkje lov å sleppe inn andre. Alle som er i lokala må registrere seg ved å låse inn med sitt eige bibliotek kort. Det handlar om tryggleik, men også med tanke på smittevern.
- Ved lån av lokala til møter og arrangement er det høve til å sleppa inn brukarar som ikkje har adgangskort. Lån av lokala til møter og arrangement må avtalast på førehand med beteninga, i betent opningstid. Det er ansvarleg for møtet eller arrangement som har ansvar for å informera deltakarane om reglement og vilkår for bruk av Samnanger bibliotek.
- Opphald i biblioteket skjer på eige ansvar.
- Ein må forlate lokala ved brannalarm.

Brot på vilkåra kan resultera i inndraging av retten til å bruka Samnanger bibliotek sitt meirope tilbud. Hærverk vert meldt frå til politiet. Du vert stilt økonomisk ansvarleg for eventuelle øydeleggingar.

#### **Kameraovervaking**

Dei meirope biblioteklokala er videoovervaka av omsyn til din tryggleik, og for å beskytta inventar og utstyr. Utanom betent opningstid vert lokala i det meirope biblioteket kameraovervaka. Du vert fotografert i det du brukar nøkkelkortet for å logge deg inn, og går inn døra. Det er fleire



overvakingskamera i lokala. Dei som brukar biblioteket i meirope tid vert filma, men det vert ikkje tatt opp lyd. Filmene vert lagra på server, men vert automatisk sletta etter 7 dagar. Det vert ikkje sett på filmene dersom me ikkje får melding om at noko ulovleg har hendt, eller at me opplever hærverk i lokala.

### **Bruk av nøkkeltkort**

Du kjem deg inn i biblioteket ved å bruke lånekortet som eit nøkkeltkort. Pass på at ikkje andre enn dei som er med deg kjem inn. Døra vert automatisk låst når du har gått inn. Når du skal forlate biblioteket, opnar døra seg, og den låser seg etter deg. **NB!** Ikkje gå ut «ein snartur» utan nøkkeltkort. Dørene låser seg automatisk, og du kjem deg ikkje inn igjen utan nøkkeltkort. Ta kontakt med personalet i opningstida dersom du har vore uheldig å gløymt noko i biblioteket.

### **Sjølvetent utlånsautomat**

Du låner og leverer inn materiale ved å bruke utlånsautomaten. Følg rettleiinga på skjermen. Du kan hente materiale som du har bestilt. Dette materialet er ordna etter hentenummer, står på ei eiga hylle, og må lånast ut på automaten før du tek det med deg. Hentenummeret står i meldinga som du har fått av biblioteket. Dersom det er materiale du ikkje får lånt lyt du koma attende når personalet er til stades.

### **Meirope stenger**

Det vil kome ei melding på høgtalaranlegget 10 minutt før det meirope biblioteket stenger. Ljoset vert sløkt automatisk når det er stengt.

### **Arrangement og møter i meirope tid**

Det vil stundom vere arrangement og møter når biblioteket har meirope. Kommunale arrangementa vert annonserte på heimesida og facebookside til biblioteket, og aktivitetskalenderen på heimesida til kommunen. Eventuell møteverksemd vert opplyst om inngangspartiet til biblioteket.

### **Kva rom er ein del av meiropetilbodet?**

Sjølve biblioteklokalet, ungdomsrommet, møte/gaming-rommet og toaletta. Det største møterommet og kjøkkenet vert kun lånt ut etter avtale.

### **Utlån av lokala til arrangement og møter**

Ønskjer du å låna lokala til eit arrangement eller møte må dette avtalast på førehand med personalet i betent opningstid. Ved lån av lokala til møter og arrangement er det høve til å sleppa inn brukarar som ikkje har nøkkeltkort. Det er ansvarleg for møtet eller arrangement som har ansvar for å informera deltakarane om reglement og vilkår for bruk av Samnanger bibliotek. Dei som ikkje har nøkkeltkort har heller ikkje inngått ein kontrakt om vilkår for bruk. Det vert difor særskild viktig at ansvarleg for arrangementet eller møtet informerer deltakarane om at lokala er kameraovervaka.



## Praktiske opplysningar

---

### Betent opningstid

Tysdag	kl 12.00-19.00
Onsdag	kl 10.00-16.00
Torsdag	kl 10.00-16.00

### Opningstid for meirope bibliotek

Kl 08.00-22.00 i kvardagar  
Kl 08.00-20.00 laurdag og sundag

Unntaka er måndag og fredag mellom kl 08.00 og kl 16.00. Då er biblioteket heilt stengt.

### Lånetid

- DVD: 2 veker
- Bøker og lydbøker og tidsskrift: 4 veker

### Fornye lån

Du kan fornye alle lån sjølv, dersom vara du ønskjer ikkje er reservert av andre. Dette kan du gjera på den sjølvbetente utlånsautomaten i biblioteket, på epost eller telefon til biblioteket, eller ved å logge deg inn på heimesida til Samnanger folkebibliotek.

### Reservera eller bestilla

Alt materiale som er utlånt eller under innkjøp kan du reservere i biblioteket eller på heimesida til Samnanger bibliotek. For å låne materiell frå andre norske bibliotek må du ta kontakt med personalet. Du får SMS når reservert materiell er klart til henting.

### Kontaktinformasjon til Samnanger bibliotek

<b>Adresse</b> Bjørkheim 26 5652 Årland	<b>Telefonnummer</b> 56 58 74 55	<b>Epost</b> <a href="mailto:bibliotek@samnanger.kommune.no">bibliotek@samnanger.kommune.no</a>
	<b>Sosiale media</b> Facebook: Samnanger folkebibliotek	<b>Heimeside</b> <a href="https://www.samnangerbibliotek.no">https://www.samnangerbibliotek.no</a>

### Nyttige lenker:

[Lov om behandling av personopplysningar \(personopplysningsloven\) - Lovdata](#)